

Søknad

Søknadsnr.	2016-0020	Søknadsår	2016	Arkivsak	16/1600
Støtteordning	Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2016				
Prosjektnavn	Klimaseminar i samband med 25-års jubileum				

Kort beskrivelse

Norsk Bremuseum vil i juni 2016 arrangere eit stort klimaseminar med toppforskarar frå heile Noreg. Seminaret er ein del av eit stort 25-års jubileum for museet og tittel til seminaret er "utfordringar med klimakommunikasjonen".

Prosjektbeskrivelse

Arrangementet vil gå av stabelen i Sogndal 3. juni 2016. Vi har fram til no fått ja frå fleire profilerte kimaforskarar, Ulltveit-Moe, Jostein Gaarder. Etter seminaret vil vi ta med dei inviterte til Norsk Bremuseum i Fjærland for opning av ny klimautstilling, underhaldning og servering. Og til slutt vert det festmiddag på Hotel Mundal.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Norsk Bremuseum & Ulltveit-Moe Klimasenter Org.nr:970450076	Fjærland 6848 FJÆRLAND	97680228
Kontakt- person	John Brekke	Fjærland 6848 FJÆRLAND	97680228
Prosjekt- leder	John Brekke	Fjærland 6848 FJÆRLAND	97680228

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Vi har fått 500 000 kr i støtte frå Fylkeskommunen til ny klimautstilling

Spesifikasjon

Bakgrunn

Fredag 3. juni 2016 feirar me at Hennes Majestet Dronning Sonja åpna dørene til Norsk Bremuseum 25 år tidligere. Sidan den gong har cirka 1,4 millionar gjester besøkt museet, som truleg er Noregs mest vellykka tiltak innan bre- og klimaformidling. I samband med jubileet planlegg museet å arrangere eit stor klimaseminar i Sogndal. Det vil og bli avduking av ny klimautstilling seinare på dagen i Fjærland, og det heile vert avslutta med festmiddag på Hotell Mundal.

Prosjekt mål

Vi ønskjer å gå djupare inn i den samfunnsfaglige delen knytta til klimaformidling, bidra til å skape dialog mellom ulike faggrupper, og ikkje minst å få frem viktig kunnskap om utfordringar og høve på feltet klimakommunikasjon.

Spørsmål vi ønskjer svar på:

Hvorfor slit lekfolk med å ta inn over seg realitetane i klimasituasjonen?

Nyttas det for lite ressurser på området og kva vil økt ressursbruk (økonomisk) ha å si for klimakommunikasjonen?

Kva slags ansvar har politikerne for at viktig klimakunnskap når ut til folk?

Kva slags rolle har media i klimakommunikasjonen?

Med utgangspunkt i forskaranes beskriving av den alvorlege situasjonen, kvifor spelar ikkje norsk skule ein større rolle i klimaformidlingen? Klima har fremleis ein beskjeden rolle i de ulike læreplanene.

Forankring

Norsk Bremuseum & Ulltveit-Moe senter for klimaviten har dei siste åra arrangert klimaworkshop for lærarar i vidaregåande skule, og i tillegg to klimaseminar, eit i Oslo og eit i Sogndal. Dette er i tråd med måla til museet om å være eit framifrå og levande formidlingsenter på områda bre- og klima. Klimautfordringa, og spesielt temperaturauken verda står overfor i dag, kan føre til ein rekke konsekvensar som kan få negative fylgjer for livet på planeten vår. Frå varmare hetebølger til kaldare kuldeperiodar, meir turke og valdsame flaumar og til meir langsame endringar som havforsuring og havnivåstiging. Med det som bakgrunn ønskjer Norsk Bremuseum, gjennom sine klimarrangement, å bidra til å få fram ny og viktig informasjon frå ulike fagfelt. Og i år ønskjer vi spesielt å setje lys på "klimakommunikasjonens utfordringar".

Fleire profilerte ekspertar vil delta, og arrangementet vil og vere med på å sette fylket på "klimakartet i Noreg". Til sist vil eit slikt arrangement gje god marknadsføringseffekt for turistattraksjonen Norsk Bremuseum, som i fjor hadde besøk av meir enn 60 000 gjester frå heile verda.

Prosjektorganisering

Norsk Bremuseum står for planlegging og gjennomføring av klimaseminar og jubileum.

Samarbeidspartnere

Høgskulen i Sogn og Fjordane og Vestlandsforskning.

Aktiviteter

Det vil verte arrangert klimaseminar (med lunsj) på Campus i Sogndal på føremiddagen den 3. juni. Etter seminaret vert det avduking ny klimautstilling og underhaldning i Fjærland. På kvelden 3. juni vert det festmiddag, talar og underhaldning på Hotel Mundal.

Lørdag 4. juni vil vi ta med vennar og forskarar på "Josten på tvers" tur, med oppstart i Stardalen.

Målgrupper

Politikarar, næring, elever på høgskulen, lærarar, forskarar og media. Det vert eit ope arrangement med plass til 150 personar.

Resultat

Bidra til å få fram eit viktig bidrag til klimadebatten. Profilere fylket som eit klimabevisst fylke. Marknadsføre Norsk Bremuseum, fylket sitt andre viktigaste turistattraksjon (etter Flåmsbana).

Effekter

Økt sysselsetting, det vil si at på sikt ønskjer Norsk Bremuseum å tilsette ein ny person, som berre jobbar med klima ut mot skulane. Våre klimaseminar er i så måte viktige bidrag som ein del av nemde målsetting. Ei anna effekt er og at vi når ut med viktig informasjon til lokale politikarar og leiarar innan

privat næring.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Det vert jobba med arrangementet heile vinteren og våren.

Kostnadsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
salær, mat, underhaldning, overnatting, diverse	50 000					50 000
Sum kostnad	50 000					50 000

Det totale summen for klimaseminar, avduking, lunsj, underhaldning, overnatting for inviterte og diverse vil verte ca. kr 200 000. Klimaseminaret vil stå for ca. halvparten av utlegga, det vil sei ca. kr 100 000.

Finansieringsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2016	50 000					50 000
Sum finansiering	50 000					50 000

Geografi

1420-Sogndal

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato